



Steinar Kroka etter New York Marathon i april

Det er venta over ein million tilskodarar når Steinar Kroka saman med om lag 40 000 andre løparar skal delta i eit av dei mest kjende maratonløpa i verda, Berlin Marathon, neste helg. Å delta i store løp er ikkje noko nytt for Steinar. 68-åringen deltok i London Marathon i 2013, og i slutten på april i år fullførte han New York Marathon.

Steinar har bak seg mange gode idrettsår. Etter at han i yngre år dreiv mest med fotball og langrenn, har det etter han passerte 40 blitt meir og meir løping. Seig som han er, har han forkjærleik for dei lange løpa. Høgdepunkta til no er nok dei to nemnde maratonløpa med 46 000 deltakarar i London og 53 000 i New York. I Berlin er det altså venta over 40 000 deltakarar.

Steinar har også delteke innanlands. Ein gang har han delteke i Tromsø Maraton, og i Oslo Maraton har han stilt på startstreken så mange gonger at 10 startar kan vera eit overkommeleg mål. Vi vil nok sjå Steinar Kroka på dei lange treningsturane langs Kvinnheradsvegane også framover.

Han har også vore ein flittig idrettsmerketakar. Han har stilt opp årleg og har nok tatt merket over 40 gonger.

Vi ønskjer han lukke til i Berlin.



Steinar fører an i kjent sil på heimlege trakter.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat og Ola Matti Mathisen